

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 22.09.2010  
 Frå: **Administrerende direktør**  
 Sakhandsamar: **Hilde Rudlang**  
 Saka gjeld: **Tildeling av samhandlingsmidlar i Helse Vest**

## Arkivsak

2010/170

Administrerende direktør si orientering pkt 4

Styresak 102/10 O

Styremøte 06.10. 2010

Styret i Helse Vest vedtok i sak 108/09 å setje av 5 mill. kr i 2010 til gode prosjekt og tiltak innan samhandling, som ledd i å understøtte samhandlingsreforma.

Helse Vest mottok 28 søknader om til saman 16,3 mill. kr frå helseføretaka og dei private ideelle institusjonane. I prioriteringa mellom søknader blei det lagt vekt på ei geografisk fordeling i regionen, og det blei lagt vekt på at prosjekta:

- er i tråd med overordna mål for utviklinga av spesialisthelsetenesta i Helse 2020 og Nasjonal helseplan
- har nytteverdi for pasienten
- har overføringsverdi til andre einingar/tenester
- har deltaking frå både helseføretak/sjukehus og kommunar
- ivaretek brukarmedverknad
- beskriv ei metodisk tilnærming, med plan for korleis effekten skal evaluerast
- inneheld ein plan for implementering i drift

Følgjande 9 prosjekt blir tildelt midlar:

Prosjekt	Søklar	Tildeling
Heilskaplege pasientforløp for definerte pasientgrupper (KOLS og barn med utviklingsforstyringar)	Helse Stavanger	500 000
Ambulant sjukepleieteneste frå SUS til sjukeheim og heimetenesta i Sandnes kommune	Helse Stavanger	900 000
Helseteam for eldre. Utvikle betre pasientforløp og helsetenester til eldre, kronikarar, rehabiliteringspasientar og palliative pasientar. Dette er eit delprosjekt i Helsetorgmodellen.	Helse Fonna	800 000
"Prosjekt Betre saman" – etablering av lokalmedisinsk senter på Straume: Delprosjekt 1: Behov Kartlegging og analyse Delprosjekt 2: LMS i spesialisthelsetenesta Delprosjekt 3: Utgreiing vedrørende eventuelle røntgentenester Delprosjekt 4: Jordmor heim	Helse Bergen	1 300 000
Tvang i psykisk helsevern - Samhandlingsutfordringa	Helse Bergen	250 000

Omfang og kvalitet på tilvising i Sogn og Fjordane - kommunehelsetenesta si gatekeeperfunksjon	Helse Førde	500 000
Utikling av god samhandling mellom Kvam kommune og Voss sjukehus vedr. overføring av legemiddelinformasjon på pasientnivå – korleis oppnå det?	Sjukehus- apoteka Vest	200 000
Utvikling av godt behandlingsforløp for sjukeheimspasientar med akutt oppstått infeksjon. M.a. systematisk kompetanseoppbygging blant tilsette i sjukeheimen	Haraldsplass Diakonale Sykehus	300 000
Felles forståing og samhandling om langtidssjuka pasientar med psykosedagnose	Hospitalet Betanien	250 000
SAMLA		5 000 000